



**Voss gymnas – for  
ungdom i  
utvikling!**

## **UTVIKLINGSPLAN FOR VOSS GYMNAS 2016/17**

**Voss gymnas – for ungdom i utvikling! Læring i sentrum.**

## **INNLEIING**

Skuleåret 15/16 innleidde samanslåinga til Nye Voss gymnas. VOG og Voss husflidskule byrja den organisatoriske samanslåinga. Skuleåret 16/17 er dette vidareført slik at VOH fungere som ei avdeling av Voss gymnas. Når ein i planen heretter les Voss gymnas gjeld dette både VOG og VOH.

Vi leverer no inn ein utviklingsplan for skuleåret 2016-17 som er ei vidareføring av arbeidet vi gjorde i fjor. Samarbeidet mellom dei to skulane starta skuleåret 2015-16 med at utdanningsprogram for Musikk, dans og drama delvis vart lokalisert ved Voss husflidskule og elevane innan utdanningsprogramma MDD og FO hadde fellesfag saman, og alt dette året hadde ein felles satsingsområde for utviklingsarbeidet. Lærarane ved utdanningsprogramma for MDD, FO og MK var på felles personalsamling for å arbeide med korleis dette skulle implementerast i skulekvardagen og evaluerast. Ein fekk og elevane sine innspel på satsingsområdet på felles elevrådsamlinga som vart arrangert i oktober. Sjølv om skulane arbeide kvar for seg med utviklingsområdet gjennom året, vart erfaringar og praksis delt mellom einingane. Skulane hadde òg felles skulebesøk med representantar frå begge skulane tilstade skuleåret 2015-2016.

Når det gjeld skuleåret 2017-18 er det godt mogleg at arbeidet som gjeld for skuleåret 16/17 vert vidareført også dette skuleåret. Slik planane no ligg for Nye Voss gymnas skal samlokaliseringa vere klar til 010118. I byggetida og medan skulen er spreidd på mange lokasjonar, meier vi at satsing på godt klassemiljø er det viktigaste satsingsfeltet vi har. Dei elevane som går hos oss i denne krevjande omstillingstida treng i ekstra grad gode, stabile, trygge og føreseielege rammer innan klassen.

Utviklingsplanen for Voss gymnas er meint å gje retning for den vidare utviklinga av skulen. Den skal bygge på dei gode sidene ved skulen i dag og samtidig sette fokus på område vi ønskjer å forbetre. Planen gir elevar og tilsette ein felles visjon og eit felles verdigrunnlag. Dette vil vere forpliktande over tid, slik at vi utviklar ein klar profil for skulen vår og ein felles identitet.

Dei konkrete og praktiske sidene for det komande skuleåra kjem fram i to delar av planen: a) Utviklingsområde og b) tiltaksplan/aktivitetar 2016/17. Desse to delane tek utgangspunkt i prioriteringar frå HFK, der Voss gymnas i denne perioden har valt tiltaksområdet *klasseleing*.

I arbeidet med å konkretisere utviklingsmål innanfor desse områda, er planen basert på innspel frå kollegiet og elevrådet, samt informasjon om skulen som er fanga opp gjennom elevundersøkinga og undervisningsevalueringa. Målsettinga er ein plan som gir dei overordna retningslinene for skulen, men som på same tid har få og konkrete mål som er oppnåelege i løpet av planperioden.

Det har vore eit mål å forankre planarbeidet hjå dei tilsette og elevane for å sikre eigarskap til planen. Planen skal ligge til grunn for det pedagogiske utviklingsarbeidet som skal gjennomførast det neste skuleåra.

I 2014/2015 vert planprosessen gjennomført som følgjer: a) oppretting av pedagogisk utviklingsgruppe b) arbeid med mål for skulen sitt utviklingsarbeid i elevråd, lærargrupper og fagorganisasjonar, c) planframlegg til høyring mellom tilsette, elevar og fagorganisasjonar og d) implementere planen for tilsette og elevar hausten 2015/2016.

For tilsette og elevar på husflidskulen, var dei med i tilstandsvurdering våren 2014 der ein mellom anna nytta same evalueringsspørsmåla i høve bruken av klasselærarråd som vart med inn i konkretisering av tiltak hausten 2015. Ein nytta og prøveprosjektet med trekantmøter skuleåret 2014-15 på Voss husflidskule som mal for bruken og innhald i trekantmøter på begge skulane 2015-2016.

Den pedagogiske utviklingsgruppa er sett saman av leiar med ansvar for pedagogisk med utviklingsarbeid, avdelingsleiarane og seksjonsleiarane. Gruppa har som hovudoppgåve å følgje opp det pedagogiske utviklingsarbeidet på skulen. Gruppa skal vere ein bindelekk mellom faglærarar/seksjonar og leiinga. Gruppa er involvert i arbeidet med utviklingsplanen.

Strukturen i planen er som følgjer:

- 1. Visjon for Voss gymnas**
- 2. Voss gymnas sine verdiar og pedagogiske plattform**
- 3. Posisjon i dag - kor vi er og kor vi vil**
- 4. Utviklingsområde for Voss gymnas**
- 5. Tiltaksplan/aktivitetar skuleåra 2015/16 og 2016/17**
- 6. Evaluering/oppfølging/rullering**

## **1. Visjon for Voss gymnas**

### **Voss gymnas – for ungdom i utvikling!**

Grunngjeving: Visjonen er tydeleg på kvifor vi er til, kva som er vår kjerneoppgåve som skule, nemleg å utdanne og utvikle ungdom. I tillegg er han inkluderande, han viser at Voss gymnas er for alle. I botnen ligg eit positivt menneskesyn med ei overtyding om at alle menneske har eit utviklingspotensiale. Han verdset framgang. Men utvikling kjem ikkje av seg sjølv, det er naudsynt med innsats både frå lærarar og elevar. Visjonen er ambisiøs og forpliktande for alle ved skulen.

## **2. Voss gymnas sine verdiar**

<b>Utvikling</b>	Alle skal bli sett og få utvikle seg ut frå egne føresetnader og interesser
<b>Læring</b>	Vi arbeider for å få til gode læreprosessar for å tileigne oss kunnskap og dugleik, evne til kritisk tenking og etisk refleksjon.
<b>Trivsel</b>	Saman skapar vi ein god arbeidsplass for alle i skulen
<b>Respekt</b>	Vi utviklar oss gjennom å vise respekt for kvarandre, vi tek omsyn og viser omsorg
<b>Ansvar</b>	Vi tek ansvar for utviklinga saman. Gjennom god tilrettelegging, samarbeid og eigeninnsats deler vi kunnskap og dugleik

## **3. Posisjon i dag – kor er vi og kor vil vi?**

### **Frå utvalsskule til ein skule for alle!**

Voss gymnas har endra seg som skule, frå å vere eit landsgymnas – ein utvalsskule - til ein skule for alle. Landsgymnaset la stor vekt på fag og fagleg utvikling. Det ønskjer vi i dag òg. I tillegg kjem ei rekkje andre verdiar. Dette kjem mellom anna til uttrykk ved at Voss gymnas på ein god måte kombinerer det å vere ein skule som legg vekt på fagleg utvikling med å vere ein skule som legg til rette for at elevar også kan utvikle seg på praktiske område, t.d. gjennom idrett, musikk eller kunst design og arkitektur.

### **Personleg vekst og utvikling**

Voss gymnas har ansvar for ungdom i ein avgjerande fase av livet. I tillegg til fagleg utdanning arbeider vi for at elevane våre skal vekse personleg til dugande og ansvarlege menneske.

### **Valfridom og mangfald**

Skulen har eit spenstig mangfald. Det er mogleg å velje studiespesialiserande, musikk, kunst, design og arkitektur eller idrett som programområde. Det gir mange tilbod og variasjon for elevane. I tillegg prøver vi å leggje til rette for å kunne velje på tvers av programområde.

### **Respekt, dialog og samhandling**

Dialog og samhandling er sentrale element ved skulen. Dialog i klasserommet er ein viktig del av undervisninga. I tillegg skjer dette gjennom munnleg og skriftleg vurdering og fag- og utviklingssamtalar som ein del av undervegsvurderinga.

### **Fokus på framtida**

Ved Voss gymnas blir det lagt vekt på framtida til elevane og at dei gjennom å gå på gymnaset får høve til å gjere val for eiga framtid. Vi førebur elevane for nye utfordringar og til vidare studium. Tida ved gymnaset gir tid til dei som vil finne ut kven dei er og kva dei vil, men er også ein effektiv veg ut i arbeidslivet for dei som har gjort sine val og veit kva høgskule eller universitet dei vil gå på.

### **Internasjonalisering**

Voss gymnas vektlegg internasjonale kontaktar og trur på utvikling gjennom kontakt med andre land og kulturar. Vi har kvart år kortare ekskursjonar til tysk, fransk, spansk og engelsktalande land. I tillegg har vi eit samarbeid med HFK sin samarbeidsregion Nedre Normandie med gjensidig elev- og lærarutveksling. Voss gymnas er knyta til Vossaskulane sitt samarbeid med felles internasjonaliseringskoordinator, og skulen vil for 2016/2017 arbeide for å etablere samarbeid med skular i andre land innan idrett og musikk. Skulen har og utveksling gjennom Erasmus+ stipend til Shetland for elevar på utdanningsprogram for Medium og kommunikasjon og studiespesialiserande med formgjevingsfag/KDA. Vi har fleire gangar teke imot nyutdanna lærarar frå Tyskland, i deler av skuleåret gjennom ordninga for lærarassistentar innanfor ERASMUS-programmet. I tillegg tek mange av skulen sine elevar andre klasse i utlandet, og vi tek i mot fleire elevar kvart år som ynskjer eit skuleår i Noreg.

### **Engasjement utover skulen.**

Voss gymnas har mange elevar som har eit stort engasjement utover skulen, i idrett, i musikklivet, i politikk og i lagsliv av ymse slag. Vi set pris på å ha engasjerte elevar og ynskjer å oppmuntre til samfunnsinnsats.

### **Utfordringar**

Den digitale skulen er ei utfordring. Når no infrastruktur og grunnkompetanse i bruk av IKT er på plass, arbeider vi med neste steg der vi legg stor vekt på korleis IKT kan nyttast på ein god måte i undervisninga. Vi legg vekt på kollektivet, det vil seie å unngå ein situasjon der elevane i for stor grad arbeider individuelt bak ein pc- skjerm.

Ro og orden er også blant utfordringane. Den digitale skulekvardagen krev klare retningslinjer for bruk av IKT. Ein fornuftig bruk av IKT som ikkje fører til uro, er viktig. Voss gymnas har mindre utfordringar på fram møte og fråvær enn HFK som heilskap, men vi har einskilde elevar og år om anna også klassar som skil seg negativt ut.

Elevane uttalar i undersøkingar at skulen er god på elevdemokrati. Stoda er noko annleis når det gjeld elevmedverknad i forhold til fagleg planlegging. Elevvurdering med vekt på elevane si faglege eigenvurdering er framleis eit felt der vi har utfordringar å løyse.

#### **4. Utviklingsområde for Voss gymnas**

##### **Mål for opplæringa 2013 – 2015 for HFK og for 2016 - 2018**

Hovudmålet for den vidaregåande opplæringa i Hordaland for skuleåret 2013-2015 er **auka læringsutbytte og fullføring**, og er vidareført for skuleåret 2015/16 og for 16/17.

##### **Klasseleiing**

Voss gymnas vil i tråd med HFK sitt Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane, satse på **klasseleiing** som utviklingsområde for denne planperioden.

Arbeidet vårt bygger på læraren si evne til å skape eit godt læringsmiljø i lag med elevane og dei kollektive reglar og forventningar skulen har til korleis lærarar skal opptre i klassen. Både når det gjeld vurdering og digital skule vert det sett nye krav til lærarane, samtidig som det opnar seg nye moglegheiter.

Vi ønskjer at lærarar i fellesskap drøftar og utviklar lærarrolla. Korleis kan vi ta vare på det som er bra i dag? Korleis kan vi på ein god måte dele ny kunnskap og utvikle oss i lag? Korleis kan vi møte forventningar og krav til det å vere lærar i den vidaregåande skulen i framtida?

Utviklingsarbeid med klasseleiing femnar om Voss gymnas sine kjerneverdier (sjå side 3). Vi ser det som ein føresetnad for både godt vurderingsarbeid og god bruk av IKT i læringsarbeidet at klasseleiinga fungerer godt slik at læringsmiljøet for elevane er best mogleg. Dette ser vi som særskild viktig i den omstillingsfasen skulen no er inne i fram mot (Nye) Voss gymnas som etter plan skal opnast hausten 2017 (ferdigstilling bygningar 01.01.2018).

I HFK sitt styringsdokument for 2013-15 vert klasseleiing forstått som læraren si evne til å skape eit positivt klima, etablere arbeidsro og motivere til arbeidsinnsats. Læringsmiljø handlar om kva undervisning og kva kontekst som gir best læringsresultat hos elevane. Alle tiltak skulen set i verk, skal leggje vekt på følgjande prinsipp som er forankra i opplæringslova.

- Elevane opplever tryggleik, trivsel og forventningar om læring.
- Elevane opplever gode sosiale relasjonar til lærarar og medelevar.
- Elevane deltek aktivt i læringsarbeidet og medverkar i planlegging og vurdering.
- Elevane tek medansvar for arbeidsro og positivt arbeidsmiljø.

God klasseleiing er kjenneteikna av at:

- Læraren leiar læringsprosessane gjennom å vere ein synleg leiar.
- Læraren etablerer gode relasjonar til enkeltelevar og ein positiv læringsfellesskap.
- Læraren har god struktur for undervisninga og etablerer tydelege reglar.
- Læraren bruker og vidareutviklar pedagogisk og didaktisk kompetanse i samarbeid og samhandling med andre lærarar.

## 5. Tiltaksplan/aktivitetar skuleåra 2015/16 og 2016/17

Utviklingsarbeidet for planperioden vil fokusere på klasselærarråd. Formålet er å utvikle ein klasselærarfellesskap som står opp om lærarane si undervisning, deira arbeid med læringsmiljø og elevane si læring.

Voss gymnas ønskjer å konsentrere seg om klasseleiing for å skape eit best mogeleg læringsmiljø i utbyggingsperioden.

Klasselærarråd vert utvida i tid og innhald. Det vil bli organisert fleire faste klasselærarråd gjennom året. Dette vil skape kontinuitet i arbeidet med læring og oppfølging av elevane.

Arbeidet vil ha tre klare kjerneområde:

- Oppfølging av det pedagogiske arbeidet i klassen. Eit felles pedagogisk fokus gjer at klasselærarane kan arbeide systematisk med læringsutfordringar i klassen, studieteknikk og samarbeide om undervisningsopplegg og anna.
- Oppfølging av klassemiljø og elevar. Felles oppfatning og forståing av klassen er viktig for felles semje om kva som er naudsynt for å skape godt miljø for læring.
- Oppfølging av prøveplan, årsplan for skulen, og andre praktiske rammer for arbeidet gjennom skuleåret. Klasselærarråd legg til rette for god oppfølging av rutinar og system for handtering av klassen og elevane.

<b>Klasseleiing</b>				
<b>Mål: Klasselærarane arbeider saman for å utvikle og drive det fagleg-pedagogiske arbeidet i klassane.</b>				
Tiltak	Resultatmål	Ansvar	Ressursar	Evaluering/ dokumentasjon
Regelmessige klasselærarmøte etter plan. Skulen, ved avdelingsleiarane, fordeler lærarane.	Elevane og lærarane kjenner til tidspunkt for møta. Lærarane møter og deltek aktivt.	Avd.leiar, kontaktlærer, faglærarane	Det vert sett av tid til samarbeid på timeplan-/årsplan/arbeidsplan	Møta vert dokumentert i planar og i referat.
Innhaldet i møta vert organisert av kontaktlærarane.	Elevane og lærarane veit kva møta skal handle om og førebur seg.	Kontaktlærer og faglærarane	Kontaktlærarane brukar av kontaktlærartid til å førebu møta.	Sak på siste møte per skuleår. Evaluering i fellesmøte.
Elevane i klassen tek aktiv del i arbeidet med arbeids- og læringsmiljø i klassen.	Elevane kjem med respons på, og innspel til aktuelle tema til møta.	Elevane og kontaktlærer	Kontaktlærar-timen og i elevråd.	Samtale med klassen undervegs og ved skuleslutt. Evaluering i elevrådsmøte.

Start-slutt: August 2015 – juni 2017

## 6. Evaluering/oppfølging/rullering

Planen skal evaluerast ved slutten av planperioden og vil vere ein del av styringsdialogen som fylkesopplæringsdirektøren skal ha med skulen. Konkretisering av nye utviklingsområde og evaluering av gjeldande plan vil skje i plenum, avdelingar-/seksjonar, pedagogisk utviklingsgruppe, elevråd og i medarbeidersamtalar. Planen skal vere eit aktivt styringsdokument for Voss gymnas. Planen kan justerast i planperioden.